



Arkivnr: 2014/24253-55

Saksbehandlar: Tone Stedal Haugland / Elisabeth Bjørsvik / Hanne Espe

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		02.06.2015

## Ulike kulturføremål - Opne søknader vår 2015

### Samandrag

Det kjem gjennom året inn opne søknader til Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga som ikkje er retta mot nokon spesifikk søknadsordning. Det har vore praksis å handsame desse i hovudsak i to halvårlege samlesaker som vert lagt fram for Kultur- og ressursutvalet og knytt opp til løyvingar frå Kultur- og ressursutvalet sin rådveldekonto (Post 400.760 "Til rådvelde for Kultur- og ressursutvalet"). For 2015 står 1 023 000 kroner på denne posten.

Kultur- og ressursutvalet vedtok prosedyrar og føringar for korleis dei opne søknadane skal handsamast i sak 13/15 i møte 22/01 2015. Informasjon om dette ligg også på tilgjengeleg på [www.hordaland.no](http://www.hordaland.no).

Ein ønskjer i all hovudsak at aktørane i kultur- og idrettslivet skal forholde seg til dei etablerte søknadsordningane. Søknadsordningane skal spegle og støtte opp om fylkeskommunen sine satsingar. Det vert etterstreba å ha opne og rettferdige prosessar som oppfyller krava til god forvaltningsskikk og –lov. Likevel ser ein at det kan vere prosjekt som er viktige og som støtter opp under fylkeskommunen sin kulturpolitikk som ikkje fell inn under dei etablerte ordningane, og at det bør vere rom for å kunne støtte nokre slike. Enkelte gonger kjem også tiltak opp som det er ønskeleg å støtte, utanom vanleg planlegging, med korte tidsfristar.

Om det kjem inn ein open søknad som ein ser naturleg fell inn i etablerte ordningar skal søkjar få tilbakemelding om dette og råd om å registrere søknaden elektronisk i relevant søknadsordning eller evt gje godkjenning til flytting av søknaden til aktuell ordning. Søknader har i 2015 vore anbefalt å flyttast i hovudsak til Ålmenne kulturføremål og Kulturtiltak for barn og unge(aktivitetsstønad).

Tildelingar gjennom Kultur- og ressursutvalet sin rådveldekonto skal gå til (større) prosjekt og tiltak som ikkje naturleg fell inn under etablerte søknadsordningar men som likevel i høg grad oppfyller mål i gjeldande kulturplan. Det har såleis vore sett strenge krav til dei søknadane som har vore vurderte og prioriterte.

To opne søknader har vore handsama som separat sak i Kultur- og ressursutvalet knytt til rådveldekontoen i 2015. Den eine gjeld prosjektet Kystpilgrimsleia som fekk løyvd 150 000 kroner og Oseana som vart løyvd 35 000 til eit initiativ for å danne eit kulturhusnettverk på Vestlandet.

Det var ønskeleg å løyve større søknadssummar gjennom rådveldekontoen, men det har vist seg å vere vanskeleg å gjennomføre med mange relevante søknader.

Det handsamast i denne saka 29 opne søknadar. Det står no 838 000 kroner på budsjettposten, og det vert her innstilt på å løyve til saman 550 000 kroner. det står såleis att 288 000 kroner til fordeling i haust.

Fylkesdirektør kultur og idrett Anna Elisa Tryti er innhabil i saka. Fylkesdirektør regional utvikling Bård Sandal er settedirektør.

### Forslag til vedtak

Det vert løyvd til saman kr 550 000 frå Kultur- og ressursutvalet sin rådveldekonto (post 400.760), fordelt på følgjande søkjarar:

1.	Agalaus - Nasjonal kunstfestival 2015/Voss kunstlag	40 000
2.	Askøy bokdager v/ Mette Franck	avslag
3.	Bullit AS	avslag
4.	Den norske kyrkja / Bremnes sokneråd	avslag
5.	Døvelandslaget i Futsal	avslag
6.	Etne seniordans	avslag
7.	Eva Røyrane	30 000
8.	Fjordabaatane	30 000
9.	Fortidsminneforeningen	avslag
10.	Gestapomuseets forening	avslag
11.	Gunnar M. Eriksen og FIMfilm AS	avslag
12.	Hardanger Bogeskyttarklubb	avslag
13.	Harmoniens venner	60 000
14.	Hordaland musikkråd	45 000
15.	Interesselaget for Galeas Gurine	30 000
16.	Jeanett Eide	avslag
17.	Kleppe grendalag	avslag
18.	Lysverket / Festspillene i Bergen	avslag
19.	Museumssenteret i Hordaland, avd. Lyngheisenteret	35 000
20.	Måltrastane v Anne-Lise Olsen	avslag
21.	Norsk Mediaservice	avslag
22.	Opera Bergen	65 000*
23.	Pådriverene AS	45 000
24.	Skrivekunstakademiet	85 000
25.	Stiftelsen Bergen Sjøfartsmuseum m.fl	40 000
26.	Stiftelsen Egil Raftos Hus	avslag
27.	Torbjørn Ødegaard	avslag
28.	Voksne for barn	avslag
29.	Voss freestyleklubb	45 000

\*tilskotet er til sommaropera Carmen

Rune Haugsdal  
Fylkesrådmann

Bård Sandal  
Fylkesdirektør regional utvikling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 08.05.2015

Det er viktig at søkjarar som kan søkje om midlar via dei ordinære/faste søknadsordningane brukar desse og dei tilknytte søknadssystema. Fylkesrådmannen avslår difor i denne omgang dei søknadane som både i søknadssum og innhald ville passe inn i nokon av desse, t.d. søknadsordninga Ålmenne kulturføremål. Ein har oppmoda til å evt. søkje denne ordninga om søknadane har kome inn før den aktuelle søknadsfristen i vår 1. mars. Søknader som har kome etter 1.mars vert handsama her og avslått med ein kommentar om at dei evt. kan søkje Ålmenne kulturføremål før fristen i haust.

Fylkesrådmannen ser det som viktig at midlane frå rådveldekontoen vert brukt til ekstraordinære tiltak og tiltak som ikkje passer inn i andre ordningar med som likevel ligg i kjerna av fylkeskommunen sitt kulturansvar.

Enkelte opne søknader kan løftast ut og handsamast enkeltvis om det skulle vere særlege grunner for dette. Slik enkeltsakshandsaming vert i så fall vurdert og bestemt av den administrative og politiske leiinga i fylkeskommunen. Dette har vore gjort med to søknader i 2015. Den eine gjeld prosjektet Kystpilgrimsleia som fekk løyvd 150 000 kroner og Oseana som vart løyvd 35 000 til eit initiativ for å danne eit kulturhusnettverk på Vestlandet. Dette var saker som vart sett på som viktige for fylkeskommunen og som trengde ei avgjersle før junihandsaminga.

Då dei som har sendt inn søknadane som vert handsama her ikkje har søkt via ei spesifikk definert ordning ligg det heller ikkje føre eit definert og vedteke sett med retningsliner. Det vil likevel vere ein del føringar og retningar i i vurderingane som ligg til grunn, slik det er opplyst på nettsida. Det som vert prioritert skal støtte opp under satsingar i den vedtekne regionale kulturplanen. Hordaland fylkeskommune har eit regionalt kulturansvar, dvs. at vi gir stønad til kulturtiltak som har verdi for heile fylket eller store delar av det.

Dei same vurderingskriteria som gjeld for m.a. ordninga for Tilskot til ålmenne kulturføremål vert såleis også lagt til grunn her. Det vert lagt vekt på desse momenta (i uprioritert rekkefølge):

- I kva grad tiltaket bidreg til ei utvikling av kulturlivet i fylket
- I kva grad tiltaket har verdi for kulturlivet i større delar av fylket
- I kva grad er tiltaket nyskapande og kan ha verdi som pilotprosjekt
- Om tiltaket kan kopla saman aktørar og stimulere til samarbeid på tvers
- Dokumentarisk verdi
- Kvalitativt nivå på prosjekt og søknad
- Gjennomføringsevne og realisme i prosjektet
- Fordeling av midlane i høve geografi og sjanger

Følgjande 29 søknader er vurderte. Teksten i kursiv er direkte sitat frå søknadane.

### **1. Agalaus - Nasjonal kunstfestival 2015: Søknad om støtte til Nasjonal kunstfestival på Voss - "Agalaus", 28.- 31 mai 2015.**

*Søknadssum: 140 000,-*

A.Utdrag frå søknad:

Voss kunstlag arrangerer i samarbeid med Norske kunstforeninger ei av dei store kulturhendingane på Vestlandet i 2015. Gjennom ei rad kunstprosjekt vil Agalaus vise visuell kunst som er uredd og ustyrleg, som rører og provoserer. Folk vil kunne oppleve meir enn 50 ulike nasjonale og internasjonale prosjekt. Festivalen syner stort spenn i ulike visuelle kunstartar, og ta i bruk både tradisjonelle og utradisjonelle visningsrom. Me ynskjer å setje Voss på kartet som ei moderne og modig kunstbygd.

Ei av målsetjingane til «Agalaus» er å syne god og aktuell visuell kunst i ei bygd der dette til vanleg ikkje står på dagsorden. Bygdene er sveltefora på dette området og me ynskjer å styrkje det offentlege medvitnet rundt det visuelle kunstfeltet. Ved å søkje Norske kunstforeninger om å få halde Nasjonal kunstfestival i 2015, ville vi syne kor viktig det er å flytte slike arrangement ut frå byane, og at Voss kunstlag med god gjennomføringsevne kan bidra i profesjonell kunstproduksjon med kunstnarar frå inn og utland. (...) Festivalen ynskjer sjå på kva reaksjonar kunst skapar. Kva provoserer eller rører ved ein? Kva er det som vekker debatt? Og kva tema er så ømtålege at det er vanskeleg å røre dei? Det er ikkje målet til festivalen å provosera for å provosera, men å sjå på ulike tema kring dette.

(...)Elles vil me mellom anna sjå på tema rundt produksjon av laks (BC Walstøm m.fl), menn sin seksualitet (CJ Rehbinder), mobbing (A Odell), Kvinnelege kunstnarar sine forhold i Asia (DI Mahendra), Om å fylgja draumen sin (Pirolt&Perry), Kva er samisk samtidskunst? - For å nemna noko.

(...)Festivalen har med kunstnarar frå store delar av Noreg. Det har også vore viktig å knyta internasjonale kunstnarar til oss. Land som vert representerte på festivalen utanom Noreg er: Sverige, Finland, Danmark, Nederland, Brasil, USA, Indonesia, Frankrike, England og Tyskland. I tillegg representantar frå samisk kultur. Me har valt Kurator Kjell-Erik Ruud til kuratera festivalen.

#### B. Økonomi:

Aktørar i spleiselaget er: Norske kunstforeninger, Voss kommune, Bankane på Voss, Voss energi, Kulturrådet, med fleire. Den store forskjellen på ein kunstfestival frå td. ein musikkfestival, er inntektene. Musikkfestivalane har billettinntekter, medan det meste me arrangerer er gratis.

#### c. Fylkesrådmannen si vurdering:

Det er viktig å styrkje bygdene sin moderne identitet innanfor det visuelle kunstfeltet. Voss kunstlag er tildelt ein nasjonal kunstfestival og har sett i saman eit sterkt og breitt program med både lokale, regionale, nasjonale og internasjonale kunstnarar. Dette støtter opp under kulturplanen sitt mål om eit sterkt profesjonelt kunstliv også utanfor Bergen. Det vert tilrådd å støtte dette tiltaket med 40 000 kroner.

## **2. Askøy Bokdager v. Mette Franck Johnsen: ASKØY BOKDAGER 2015**

Søker kr 10 000

#### A. Utdrag frå søknad:

Askøy Bokdager handler om møtet mellom den skrivende og den lesende. Om å underholde og bli underholdt. Vi som står bak Askøy Bokdager ønsker et godt og variert program der publikum kommer tett på forfatterne. Askøyforfatterne vil løftes fram i lyset, på en arena som er kjent for de aller fleste som bor på Askøy; folkebiblioteket i Kleppestø.

På programmet har vi lokale forfattere innen en rekke sjangre; barnebøker og skjønnlitteratur (f.eks lyrikk og spenningsromaner), sakprosa, strikking, kalligrafi, og lokalhistorie. Arrangementet går av stabelen 22.-24. oktober 2015, og markedsføring er planlagt i flere kanaler, bl.a. med egen facebookside, plakater, og avisannonsering. Vi håper også på oppmerksomhet fra øyens lokalavis

og radiostasjon. Her er forfatterne som deltar under bokdagene: Agnethe Mikkelsen, Bas Vlam, Heidi Moen Eikeland, Helge Kåre Fauskanger, Irene F. Hantveit og Øyvind Tumyr, Marianne Hansen og Mette Franck Johnsen. Med et variert program ønsker Askøy Bokdager en lav terskel for deltakelse. Alle arrangementer vil derfor ha gratis adgang for publikum. Vi ønsker å gjøre Askøy Bokdager til et årlig arrangement.

#### B. Økonomi:

Vi er glade for samarbeidet med Askøy Folkebibliotek, som lar oss benytte lokalene kostnadsfritt. Dette gjør at vi kan holde de totale utgiftene for arrangementet på et moderat nivå. Vi søker Hordaland Fylkeskommune om kr 10 000 av et totalbudsjett på kr 40 500.

#### C. Fylkesrådmannen si vurdering:

Dette er eit fint tiltak, men fylkesrådmannen ser ikkje at det har tilstrekkeleg regional kulturverdi til å verte tilrådd støtte i denne handsamingsrunda. Søknadane som vert tilrådd støtte her skal vere av ein viss storleik og regional tyding, og denne søknaden viser ikkje at dette arrangementet kan prioriterast. Om søkjar meiner at tiltaket har tilstrekkeleg verdi utover Askøy kommune kan det søkjast under søknadsordninga Ålmenne kulturføremål før fristen 1.oktober. Tilråding avslag.

### **3. Bullit AS: «Roferd. På viljen løs. Mål og konsekvenser»**

Søker kr. 30 000

#### A. Utdrag frå søknad:

Lørdag 02. Mai 2015 kl. 09:00 legger Kjell Tore Solvang ute på den historiske roferden i en færing fra Hvaler til Kirkenes. 120 døgnns blodslit – 10 / 12 timer roing hver dag.

Kjell Tore Solvang har som landslagssjef for våre padlere vært med å vinne tre OL gull, fire VM-gull samt fire EM-gull. Han er den mestvinnende treneren i Norge i moderne tid innen sommeridretter.

Han var også med å bidro til at SK Brann tok sitt etterlengtede gull i 2007 etter 43 år! Å jobbe i en prestasjonskultur med utøvere på dette nivået, gjør at en selv også får en forståelse for at alt er mulig hvis en bare vil og gjør nok. Det handler om å prioritere.

Det er på ingen måte sikkert at han vil lykkes. Vær, vind, strøm og sykdom har stoppet dristige prosjekter før, og mange vil se på Kjell Tores ide som ren og skjær galskap. Klarer han derimot å gjennomføre denne bragden, vil han skrive seg inn i historien. Mange har seilt og rodd deler av denne strekningen, men ingen har tatt for seg hele strekket. Kjell Tore gjør dette for å ta oss med på en reise gjennom vår egen historie, og for å vie respekt til våre forfedre og de trange kårene de levde under.

Er du med å bidrar til å rette oppmerksomhet til «drømmer og konsekvenser» gjennom denne eventyrlige bragden det er å ro langs hele norskekysten fra svenskegrensen til Kirkenes, er du med å rette fokus på barn med hjernesvulst og det arbeidet som legges ned med å spre informasjon og øke kunnskap om hjernesvulst. Som han selv sier; «Noe av det som kommer til å bære meg nordover når smerten skjærer i kroppen min, er å se inn i to håpefulle barneøyne som kanskje nettopp er operert for hjernesvulst.

Det øyeblikket vil jeg oppleve! Husk vi kan gjøre den forskjellen, tenne en gnist, vise dem at vi bryr oss og unner dem alt det beste her i verden.» En av planene så langt, er å samle 28 unge mennesker med hjernesvulst fra hele landet til en mestringshelg i Hålandsdalen hos Liv Grete Skjelbreid Poirée i slutten av september.

Vi tar oss den frihet å søke om kr 30 000,- i støtte til Prosjektet. Videre håper vi at Hordaland Fylkeskommune kan starte en stafett mellom landets Fylkeskommuner med det formål å samle inn kr 30 000,- fra hver av landets Fylkeskommuner som grenser opp imot vår langstrakte kyst. Vi kan gjerne assistere dere med å utforme er skriv til de

angjeldende Fylkeskommunene. Beløpet skal innbetales direkte til Hjernesvulstforeningens konto. Beløpet kan gjerne være prestasjonsbetinget. Eksempelvis at beløpet utbetales i henhold til antall rodde kilometer. Den totale strekningen antas å være rundt 3 300 km.

#### B. Økonomi:

Håpar å samle inn kr. 30 000 frå alle fylkeskommunane i Noreg.

#### C. Fylkesrådmannen si vurdering:

Dette er eit spennande prosjekt, men det har liten regional verdi og kan ikkje knytast opp mot målsetjingane i kulturplanen. Det vert tilrådd avslag.

### **4. Den norske kyrkja / Bremnes sokneråd: Søknad om pengegåve til videostrømningsutstyr i Bremnes kyrkje**

*Uspesifisert søknadssum*

#### A. Utdrag frå søknad:

*I mange år har Bremnes kyrkje overført gudstenester, konsertar og andre arrangement til BBR (Bremnes bu- og rehabiliteringssenter) og Bømlo sjukeheim. No er dei som budde på BBR flytta til nye Bømlo bu- og helsesenter (tidlegare: Bømlo sjukeheim). Det er eit sterkt ønskje om å få fram overføring dit. Kabelen som førte signala til Bømlo sjukeheim, er for lenge sidan avriven av gravemaskin .*

*I Bremnes kyrkje har Finnås kraftlag ført fram fiberkabel/ Altibox. Men kyrkja manglar moderne teknisk utstyr inkludert kablar for videostrømming ut. Pårørande til bebuarar og mange andre har etterlyst overføringar frå Bremnes kyrkje. Talet på aktuelle arrangement for overføring er ca 70 i året. Bremnes kyrkje har frivillige mannskap som har stått for overføring til BBR. Dei er no klar for nye oppdrag.*

*Bremnes sokneråd ønskjer å installera nytt tenleg utstyr i Bremnes kyrkje slik at arrangement kan overførast til Bømlo bu- og helsesenter der det er plass til i alt 86 bebuarar og til eventuelt andre som ønskjer det. Med fiberkabel over heile Bømlo har me få avgrensingar for kor videostrømming kan nå fram. (...)Bremnes sokneråd vender seg difor til bedrifter og private i soknet om hjelp til finansiering. Utstyr som trengst er: Videokamera med monitorar, kablar, diverse utstyr, montering og opplæring.*

#### B.Økonomi:

*Innkjøp og montering av utstyret krev ei stor investering på ca 200 000 kr. Me vil setja svært stor pris på både små og store gåver.*

#### C. Fylkesrådmannen si vurdering:

Det vert ikkje tilrådd fylkeskommunal kulturstøtte til slike føremål. Dette er eit lokalt tiltak, og kan såleis ikkje prioriterast. Søknaden fell heller ikkje inn under tilskotsordninga Ålmenne kulturføremål då dette i tillegg til å mangle regional verdi også er ein søknad om investering i utstyr. Tilråding avslag.

### **5. Døvelandslaget i Futsal: Søknad om individuell stønad for å delta på døvelandslaget i Futsal, herrer**

*Uspesifisert søknadssum*

#### A. Utdrag frå søknad:

*Døvelandslaget i Futsal for herrer skal til VM i Bangkok 19. – 29. november 2015, og søker om tilskot. Døvelandslaget finansierer seg sjølv, og det er berekna at kvar spelar må betale kr. 15 000 i eigendel for å vere ein del av landslaget. Det kan vere ulike måtar å støtte på;*

*1. Støtte over fleire år*

2. Øyremerka tilskot til VM 2015

3. Tilskot som dekkjer utgifter til treningsklær, drakter, utstyr eller anna  
Noreg har tidlegare delteke både i EM og VM og dette er noko dei ønskjer å halde fram med.

#### B. Økonomi:

Eigendel for kvar person er berekna til kr. 15 000 for å vere ein del av landslaget.

#### C. Fylkesrådmannen si vurdering:

Dette tiltaket har liten overføringsverdi og vert ikkje definert i målsetjingane for gjeldande kulturplan. Deltaking på landslag har heller ikkje tidlegare fått tilskot over denne ordninga. Søknaden vert ikkje imøtekomen.

### **6. Etne Seniordans: Søknad om pengegåve - Seniordans**

#### A. Utdrag frå søknad:

*Etne Seniordans vil med dette søkje om å få tildelt midlar frå dykk 2015. Seniordansen driv rørsle etter musikk for eldre mennesker. Forskerar har fokusert på tre kritiske område for eldre. Dette er faren for å falle, konsentrasjonssvikt og einsemd.*

*I Seniordans må vi bruke både hovudet og beina- som er med å forhindre alle desse farene. Dansen gir ein kombinasjon av fysisk aktivitet og positivt samvær som ein knapt kan finne maken til. Eldre som stort sett bur åleine i kvardagen, får ei kjensle av meistring og glede.*

*Me har pr. i dag 17 deltakerar, og har øving 2 timar kvar veke. Etter at den nye helsereforma vart sett i verk må dette vera eit besparande prosjekt for kommunane.*

*Me ynskjer å halda fram med seniordansen- då deltakerane er svært fornøygde med denne "trimmen". For å driva med dette er det stadig behov for kurs og materiell. (tilrettelagt musikk).*

B.Økonomi: *Danseleierane må reise til kursa som oftast med overnatting. Me har også ei lokalleige på Kr 500,- kvar øvingskveld til Etne kulturhus. Deltakarane betalar Kr 50,- kvar øving. Resten vonar me og få gjennom søkte midlar.*

C. Fylkesrådmannen si vurdering: Dette er ein søknad om drift av eit lokalt tiltak. Det kan såleis ikkje løyvast fylkeskommunale midlar til dette – verken gjennom Kultur- og ressursutvalet sin rådveldekonto eller Ålmenne kulturføremål. Tilråding avslag.

### **7. Eva Røyrane og Oddleiv Apneseth: Steinhusa i Nordhordland – eit lite dokumentasjonsprosjekt**

*Søker 75 000 kr*

#### A. Om prosjektet/ utdrag frå søknaden:

*Etter å ha reist landet rundt for å laga boka Norges låver, ser også vi at dei steinmura bygningane i Nordhordland og ytre Sogn skil seg ut og representerer ein unik og spesiell verdfull bygningsarv som vi synest fortener større merksemd. Steinhusa er kulturminne og historieforteljarar i kulturlandskapet, dei er identitetsmarkørar i sin region og dei er i dag ein til dels unyttta ressurs. Med auka merksemd og ny bruk kan desse bygningane bli attraksjonar som løftar fram og skaper ny aktivitet i det historiske lyngheilandskapet.*

*Vi vil gjerne dokumentera ein del av steinhusa slik dei står i dag. Gjennom tekst og bilete vil vi fortelja historia til ulike typar uthus, bustadhus, jordkjellarar og steingardar som heilt eller delvis er bygde i stein. Det vil handla om byggjemåten, om bruk, vedlikehald og om korleis eigarar har gjort om ein del av desse husa til ny bruk.*

*Truleg vil dette materialet, med vidare utvikling i etterkant, ha potensiale til formidling i bokform. Kunnskapen vi samlar gjennom dette arbeidet vil også kunna formidlast gjennom føredrag der dette er ønskjeleg.*

#### B.Økonomi:

Det er søkt om midlar til feltarbeid med innsamling av stoff og fotografering, etterarbeid, reiser mm. Søkjar har fått 75 000 kroner frå Fylkesmannen på likelydande søknad. Ei positiv løyving frå Hordaland fylkeskommune gir såleis moglegheit til utviding av prosjektet

#### INNTEKTER:

Eigeinnsats	25 000
Fylkesmannen	75 000
Hordaland fylkeskommune	75 000

#### C.Fylkesrådmannen si vurdering:

Prosjektet har regional interesse og fell inn under satsingar i Premiss: Kultur, regional plan for kultur 2015-2025. Ei dokumentasjon og formidling av steinhusa i Nordhordland har ikkje minst interesse for arbeidet med kulturminneplanar i kommunane. Tilråding 30 000 kroner

### **8. Fjordabaatane, ved leder Øyvin Konglevoll: Midlar til samarbeidsorganet Fjordabaatane**

*Søker 50 000 kr*

#### A.Utdrag frå søknad:

*Fjordabaatane arbeider for å fremme kulturen og kvalitetsbegrepet fjordabåtane. Dette gjør vi ved å ha felles markedsføring og tiltak, og være et felles talerør ovenfor Bergen og Omland Havnevesen, og andre.(...) Samarbeid om markedsføring og rekruttering er svært viktig for å sikre framtiden for fjordabåtane.(...)*

*Fjordabaatane er lagt merke til langt utover fylkesgrensene, og foredrag om Fjordabaatane var en del av seminaret på årsmøtet til Norsk Forening for Fartøyvern. Fjordabaatane-dagen på Holbergkaien medførte utgifter som ikke ble dekket for, men vi ønsker å bygge videre på de gode erfaringene fra i år og er i dialog med Kystsogevøkene om til neste år å gjøre dette arrangementet til et sentralt ledd i neste års Kystsogevøker.*

#### B.Økonomi:

Det søkjast om midlar til utvikling av prosjektet kr. 50 000.

*Med bakgrunn i ovennevnte søker vi herved om kr. 50 000.- i driftsmidler for 2014 for å kunne utvikle Fjordabaatane vidare.*

#### C.Fylkesrådmannen si vurdering:

Dette er eit prosjekt som skal tene alle fjordabåtane. Tiltaket fremmer fartøyvernet regionalt, og går inn i Hordaland fylkeskommune sin strategi synleg i mellom anna Kulturplanen sin tiltaksdel. Tilråding: 30 000 kroner

### **9. Fortidsminneforeningen: Søknad om tilskudd til deltaker fra Hordaland til European Heritage Workshop 2015**

*Søker 12 000*

#### A.Om prosjektet:

Fortidsminneforeningen søker om delfinansiering av ein person frå Hordaland til å representere på European Heritage Workshop i Oslo 7.- 14. juni. Kandidaten frå Hordaland må skrive ein rapport frå workshopen.

«Den europeiske organisasjonen for bevaring av kulturminner i Europa, EUROPA NOSTRA, har besluttet å legge sin årlige kongress, EUROPEAN HERITAGE CONGRESS, til Oslo 10-14 juni 2015. Europa Nostra er en felleseuropeisk kulturminneorganisasjon (NGO) med formål å fremme bevaringen av den fysiske europeiske kulturarv, men også kulturlandskapet. Europa Nostra er en paraplyorganisasjon som representerer over 250 sivile bevaringsorganisasjoner i hele Europa med mer enn 5 millioner medlemmer.»

Ein reknar med at kongressen vil samle rundt 250 delegater frå europeiske land. I samband med kongressen vert det også arrangert ein workshop for yngre personar som er lærlingar eller har nyleg avslutta utdanning innan handverk. Eit mål er overføring av kunnskap og erfaringar over landegrensene og stimulere til større mobilitet innan tradisjonshandverk. Eit anna delmål er å styrkje kunnskapen om utdanning og læremoglegheiter for ungdom som vil utdanne seg innan tradisjonshandverk.

#### C.Fylkesrådmannen si vurdering:

Fylkesrådmannen ser deltaking for kandidat frå Hordaland i regi av Fortidsminneforeningen under European Heritage Congress i Oslo i juni, som ei oppfølging av kulturplanen sitt fokus på frivilligheit og tradisjonshandverk. I samband med kongressen vert det arrangert ein workshop for yngre handvarar/lærlingar som skal fokusere på overføringsverdiar og mobilitet med omsyn til tradisjonshandverk. Samstundes har ein ikkje praksis med å yte fylkeskommunale bidrag til deltaking på konferansar. Tilråding avslag

### **10. Gestapomuseets forening : Gestapo i Bergen – Opplevelsessenter for redslene under siste krig**

*Søker 400 000 kr*

#### A.Om prosjektet:

I «Gestapohuset» i Bergen sentrum torturerte og drepte det hemmelige tyske politi et stort antall norske patrioter fra byen og Vestlandet. Gestapo i Bergen var kanskje det verste Gestapostedet i Norge. «I 4. etasje i Veiten 3 ligger fortsatt de fire cellene som fangene ble oppbevart i under forhørene og med tilstøtende vaktrom og ganger. Vi ønsker nå å levendegjøre det som skjedde ved å opprette et opplevelses-senter der de grusomme hendelsene fra tiden 1940-1945 kan bli kjent særlig for yngre – og også som erindring for eldre generasjoner.»

Det skal ikkje etablerast eit museum i vanleg forstand, det er fortellingane og opplevingane som skal formidlast. «Kjernen i våre utstillinger vil bli lydkunst og lyskunst der intervjuer med de overlevende og gjenfortellinger fra bøker og forhørsrapporter blir kjernen i formidlingen.» Bergen senter for elektronisk kunst (BEK) er ein samarbeidspart. I tillegg til formidling er det planar om eit forskingssenter, slik at fokus på dagens og framtidens tortur og krigsforbrytelser kan bli dokumentert og formidla. Gestapomuseets forening inviterer Hordaland fylkeskommune til å vere med å realisere dette unike opplevingssenteret midt i byen.

#### B.Økonomi:

Det vert søkt om 400 000 kroner. Totalbudsjett er 3 730 000. Dette er lønns- og personalutgifter, lokale, inventar og utstilling mm.

#### **INNTEKTER**

Bidrag fra BEK om egeninnsats	50 000
Søkt tilskot Bergen kommune	1 800 000
Søknad til ulike fond og institusjonar	900 000
Søkt Kulturdepartementet, post 73 Nasjonale kulturbygg	400 000
Hordaland fylkeskommune	400 000
Private tilskot	170 000
Billettinntekter	10 000

Sum inntekter:

3 730 000

C.Fylkesrådmannen si vurdering:

Erfaringar og opplevingar frå krigens dagar må formidlast vidare til nye generasjonar. Det å søkje ny kunnskap gjennom forskning for å auke forståinga av det som skjedde, få svar og sjå samanhengar, vil alltid vere nødvendig. Prosjektet har stor regional verdi. I regional plan for museum 2011-2015 «Musea i samfunnet» har Museum Vest eit regionalt ansvar for krigs- og okkupasjonshistoria. Dette temaansvaret er ført vidare i Premiss: Kultur regional plan for kultur 2015-2025. Hordaland fylkeskommune si museumssatsing går gjennom dei ti konsoliderte musea. Ein vil oppmoda prosjektsøkar til å søkje tettare samarbeid med Museum Vest slik at ein i fellesskap kan utvikle Veiten 3 med vekt på formidling og forskning. Musea i dag har fleire uttrykk enn tradisjonelle basisutstillingar med gjenstandar. Dei utviklar stadig nye formidlingsformer. Retningslinene for Hordaland fylkeskommune sitt Kulturelt utviklingsprogram legg mellom anna til rette for at nyskapande formidling kan utviklast i løpet av ein prosjektperiode på 3 år.

Tilråding: Avslag

**11. Gunnar M. Eriksen og FIMfilm AS: Støtte til dokumentarfilmen «Kor i Verden».**Uspesifisert søknadssumA.Utdrag frå søknad:

Synopsis for filmen: *Sangkoret Lyderhorn i Bergen vil redde verden med sang. Hver måned overfører de 35 000 kroner til barnehjemmet Botshabelo i Sør-Afrika. Her starter også filmen ved barnehjemmet nær Johannesburg der familien Cloet har viet sitt liv til å skjerme 120 barn fra en hverdag preget av fattigdom, sykdom, overgrep og vold. (...)Det ligger an til å bli et krevende år for koret. De må jobbe knallhardt for å planlegge og organisere den store reisen til barnehjemmet som de har støttet i 11 år, parallelt med en intens oppkjøring til årets store jubileumsforestilling: 40 år som kor med engasjement i flere verdensdeler. (...)»Kor i Verden» vil bli en musikalsk og visuell reise mellom idealisme og engasjement, fra basarer og tilstelninger i Norge til en tøff virkelighet i Sør Afrika. Den unge dirigenten vil heve det musikalske nivået, mens kormedlemmene først og fremst har fokus på innsamling til fattige og finansiering av egen reise til Afrika. (...)*

*»Kor i verden» handler om et lite kor i et lite land, men i grunnen ligger store, universelle temaer som handler om hva slags ansvar vi har for våre medmennesker på jorden, og hva som gir livet innhold og mening i en tid hvor eksternaliteten dominerer og jakten på penger, berømmelse og lykke er en vesentlig del av livet for mange av oss. Sangkoret Lyderhorn er et etablert miljø av politiske idealister som ser på musikken som et redskap for å skape et bedre liv for fattige mennesker andre steder i verden. (...) I kjernen av vår historie ligger følgende spørsmål: Hvordan kan et blodrødt kor, som har slåss i mange år for væpnet revolusjon, finne nye kamper å kjempe - uten å miste ungdommens glød og lidenskap? ...og mer utfyllende: Hva er verdt å kjempe for? Hva er empati uten handling? Hvordan kan vi - rike, privilegerte og velfødde mennesker i den vestlige verden - gjøre livet bedre for våre medmennesker?*

*Da Sangkoret Lyderhorn på 70- og 80-tallet hadde sin tydelige røde profil, ble deres verbale og musikalske ytringer oppfattet som en trussel mot samfunnet. Sammen med flere andre røde kor fikk de sin egen mappe hos overvåkningspolitiet, og også flere enkeltmedlemmer hadde sine mapper. I medlemslistene til koret var det i en periode bare fornavn da koret var klar over denne aktiviteten. Men til tross for at korets marxist-leninistiske profil gradvis ble nedtonet, fortsatte koret å synge ut om urettferdighet og brudd på menneskerettigheter i både Midtøsten, Cuba og de siste årene i Sør-Afrika.(...)*

*Filmen vil også være en variasjon over en roadmovie på flere plan:*

- Historisk: fra AKP(m-l)-bevegelsen på 70-tallet til nåtidens sosiale engasjement
- Musikalsk: fra kommunistiske protestsanger og afrikanske frihetssanger til norske folketoner

- *Geografisk: reisen til barnehjemmet i Botshabelo, som blir filmens høydepunkt.*

*På den måten vil vi kunne låne grep fra roadmovie-sjangeren for å gi driv og bevegelse og bygge oppunder handlingen.*

*(...)Regissør, fotograf og produsent Frode Fimland har nærmere 30 års erfaring innen film og TV-produksjon etter at han gikk ut fra Høgskulen i Volda i 1986. Han har vært fotograf og produsent for utallige Norge Rundtproduksjoner, og står også bak serier som "Kulejenter" og Salt & pepper, samt fotograf og delregi på NRK-seriene "Norskekysten" og "Vesterhavsoyene". I 2013 hadde dokumentarfilmen "Søsken til evig tid" premiere, med Frode som produsent, manusforfatter, regissør og fotograf. (...)Frode eier og driver produksjonsselskapet FIMfilm AS på Askøy utenfor Bergen.*

#### B.Økonomi:

NRK1 har vist ein 30 minutt dokumentar. Søkjar ønskjer at det kan lagast ein filmversjon av dokumentaren. Dei treng då totalt kr. 300 000,- for å ferdigstille filmversjonen. Det er ikkje oppgjeve anna kring økonomien.

#### C. Fylkesrådmannen si vurdering:

Filmstøtte frå fylkeskommunen vert i all hovudsak gitt via Vestnorsk filmsenter. Det kan opnast for unntak om det ein fim har særskilt historisk, dokumentarisk verdi. Fylkesrådmannen ser ikkje at ein kan gå utanfor hovudprinsippet når det gjeld denne søknaden. Det er også tilrådd avslag til den andre filmen som har søkt om tilskot gjennom opne søknader i vår.

### **12.Hardanger Bogeskyttarklubb Søknad om støtte til premiering — NM i bogeskyting, 3D jakt**

*Søkjer om kr 25 000*

#### A. Utdrag frå søknad/ B. Økonomi:

*Hardanger Bogeskyttarklubb har fått tildelt NM i bogeskyting, 3D jakt 15-16 august 2015. Arrangementet vert arrangert i Ulvik, nærmare bestemt på Drevtjørn, ski anlegget til Ulvik idrettslag. Det er venta mellom 120 —150 utøvarar til Ulvik denne helga. Norges Bueskytterforbund dekkjer medaljane som vert utdelt, pokalane må arrangøren dekke sjølv. Dette vil utgjere om lag 25.000 kroner ved ei deltaking på 135 skyttarar. Det skal skytast i 4 bogeklassar ( compound, recurve, langboge. instinktiv ). 16 klassar ( herre/dame og aldersklassar ). Pokalane vert produsert og levert av Norges Bueskytterforbund. Hardanger Bogeskyttarklubb søkjer Hordaland fylkeskommune om støtte til innkjøp av NM-pokalane. Underteikna kan ikkje sjå at Hordaland fylkeskommune har støtta liknande arrangement tidlegare.*

#### C. Fylkesrådmannen si vurdering:

Det vert ikkje tilrådd å løyve tilskot. Fylkeskommunen kan gje pokalar til nokon arrangement, men har ikkje praksis å løyve midlar til innkjøp av dette.

### **13. Harmoniens venner : Søknad om støtte til jubileumsbok til Bergen Filharmoniske Orkester ("Harmoniens") 250-års jubileum**

*Søkjer 100 000*

#### A.Utdrag frå søknad:

*Harmoniens Venner har påtatt seg arbeidet med å realisere og finansiere en jubileumsbok i tilknytning til orkesterets 250 års jubileum. Dette skal være foreningens gave til orkesteret i anledning jubileet. Harmoniens Venner har som oppgave å støtte musikerne og orkesteret med ulike tiltak, og årets prosjekter blir jubileumsboken og støtte til et større instrumentkjøp.*

Boken blir på ca. 400 sider tekst og bilder i format 17 x 24, innbundet i shirting med smussomslag. Den blir godt illustrert i svart/hvitt og farger og får en behagelig lay-out med god lesevennlighet. Det vil være innlagt 3 CD plater med innspillinger av orkesteret fra det historiske arkiv frem til våre dager. Boken er planlagt å utkomme høsten 2015 og er beregnet å koste kr. 499,- i utvalg.

Hovedredaktør for bokprosjektet er Lorentz Reitan. Han har en solid bakgrunn fra bergensk og norsk musikkliv gjennom bl.a. fem år som festspilldirektør og nærmere 10 år som direktør for Bergen Filharmoniske orkester. Han er i utgangspunktet musikkhistoriker. Lorentz Reitan vil ha med seg flere dyktige medarbeidere i dette prosjektet: tidligere kulturjournalist i Bergens Tidende, Reidar Storaas, Randi Margrete Selvik, professor i musikkvitenskap ved NTNU, spesialist på bergensk musikkhistorie fra 1730 til 1830, og professor II ved senter for Griegforskning ved Universitetet i Bergen, Arvid Vollsnes, som blant annet var hovedredaktør for verket «Norges Musikkhistorie».

#### B.Økonomi:

Harmoniens Venner har det fulle økonomiske ansvar for boken, og finansieringen vil skje i hovedsak gjennom støtte fra sponsorer, offentlige tilskudd etc. Vi har fått positiv reaksjon fra noen sponsorer. Noe av forfatterkostnadene har man fått dekket gjennom den faglitterære forfatterforeningen. Vi søker nå om å få dekket de resterende utgifter i forbindelse med selve skrivingen av boken, samt utgifter til bilder, illustrasjoner o.l. estimert til ca kr. 250.000 . **Vi søker derfor Hordaland Fylkeskommune om en delstøtte på kr. 100.000.** Vi håper å få fullfinansiert boken slik at fremtidige salgsinntekter kan gi overskudd som skal benyttes til fremtidig støtte av orkesterets utvikling og dets musikere.

#### C.Fylkesrådmannen si vurdering:

Det har vore gitt ei jubileumsgåve til Harmonien frå Hordaland fylkeskommune, men det vart også opna for at det vert søkt støtte til delprosjekt i tillegg. Det er viktig med dokumentasjon av orkesteret si historie, og ei viktig del av jubileumsfeiringa. Det vert difor tilrådd å støtte denne bokutgjevinga med 60 000 kroner.

### **14.Hordaland musikkråd, Søknad om oppgradering av Musikkorridoren på USF Verftet**

Det søkjast om kr 162 500

#### A.Utdrag frå søknad:

Hordaland musikkråd drifter fellesekretariatet (Musikkorridoren) på USF Verftet som er en arena for samarbeid mellom organisasjoner i et sterkt musikkfaglig fellesskap. Her drar alle nytte av hverandres kunnskap og innsikt på tvers av organisasjoner og sjangre. Vi har som ett av våre hovedmål å øke kunnskap og kontakt mellom de ulike aktørene innenfor musikkfeltet for å bedre forståelsen for hverandres utfordringer. Samtidig som vi får øket gjennomslagskraft i en tid med store samfunnsendringer både politisk, miljømessig og sosialt.

Vi disponerer i dag 10 kontorer hvorav 9 leies ut. Våre leietakere i dag er Akks Bergen, Brak, Kalleklev Management, Folkeuniversitetet, Ung i kor Vest, Musikk i fengsel og frihet, De unges orkesterforbund (notearkiv)

Servicesenteret er også et tilbud til de av våre medlemmer som ikke har lønnet administrasjon. Vi tilbyr tilgang til møtelokaler, til lagerplass, tilgang til kopimaskin, frankeringsmaskin og våre andre kontorfaciliteter. Servicesenteret er også tilgjengelig for andre leietakere på USF og vi har i dag brukere som Borealis, Bergen dansesenter, Knut Vaage m.fler.

Dette søker vi støtte til:

1. Oppgradering av kjøkkenkrok

2. Skiltinformasjon om hvem som er leietakere og hvilke kontorer de holder til i.
3. Nye stoler til møterom
4. Kabelskap, opprydding i ledninger for å redusere brannrisiko.
1. Oppgradering av kjøkkenkrok

#### B.Økonomi:

Oppgradering kjøkkenkrok 50.000  
 Skilt i gang 25.000  
 Nye stoler møterom 10.000  
 3 stk Kabelskap 45.000  
 25% moms 32.500  
 Totalt 162.500

#### C. Fylkesrådmannen si vurdering:

Denne fellestenesta vart etablert av Hordaland fylkeskommunen, og er eit tiltak som kjem mange organisasjonar til gode. Å legge til rette for slike fellestenester og -tiltak er prioritert i kulturplanen. Det kjem både amatørkulturlivet og det profesjonelle musikklivet til gode, og legg til rette for kontakt og kompetanseoverføring mellom desse. Det er naudsynt å oppgradere fasilitetane for at funksjonen vert ivareteke. Det vert difor tilrådd kr 45 000 til føremålet.

### **15. Interesselaget for Galeas Gurine: søknad om Jakta/galeas «Gurine»**

Søker 350 000 kr

#### A. Om prosjektet:

«Gurine» er bygd i Rosendal i 1874-75 av Knut J. Skåle som også bygde «Gjøa». «Gurine» var i kommersiell drift fram til 1980. Den er no under restaurering i Rosendal. Interesselaget har laga 1800-tals verft med slipp og tak over skuta. Gjennom dette arbeidet vil ein ta vare på og utvikle handverkstradisjonar knytt til fartøybygging i Kvinnherad. Saging er gjort på lokale sager. Hudplank og dekkplank er saga på oppgangssaga på Herand.

#### B.Økonomi:

søker om midlar til restaurering av «Gurine». Totalbudsjett er på 9 193 100 kr. Av dette står att 2 879 000 kr.

#### INNETEKTER

Fylkeskommunale kulturvernmidlar	400 000 kr
Eventuelt tilskot frå kommunen	50 000 kr
Andel av egne midlar	300 000 kr
Andre midlar	2 129 000 kr
Sum inntekter	2 879 000 kr

#### C. Fylkesrådmannen si vurdering:

Restaurering av «Gurine» er eit omfattande prosjekt som har ført til stort engasjement synleg gjennom mange dugnadstimar. Restaureringsarbeidet er kome langt på vei, og interesselaget har finansiert ein god del av arbeidet. Fartøyvern er eit satsingsområde i *Premiss: Kultur Regional plan for kultur 2015-2025*. Prosjektet fekk i 2014 løyving frå rådveldekontoen på kr. 50 000. Gurine høyrer til dei fartøy som ikkje får stønad frå Riksantikvaren si tilskotsordning for fartøy. Dette har samanheng med dei strenge krava Riksantikvaren set for at fartøy skal få status som verneverdig. Det er ikkje ei eiga fylkeskommunal tilskotsordning for slike fartøy. Fylkesmannen finn at arbeidet har stor verdi i å ta vare på handverkstradisjonar og frivillig innsats innan eit viktig område for Hordaland. Tilråding: 30 000 kroner

### **16. Jeanett Eide i samarbeid med Fjell kommune, Kulturavd: prosjektet #opplevfjell**

#### A. Utdrag frå søknad:

- Prosjektet #opplevfjell er nyskaping!

Det er en helt ny måte å profilere kultur og kommune på. Prosjektets mål er å styrke næringsmiljø og skape interesse og engasjement ved bruk av dagens teknologi. Vi har alt startet opp en instagram konto og konkurranse med bilder som profilerer og promoterer både Fjellkommune og ulike opplevelser og aktiviteter i Fjell. Det er også opprette en Facebook side ved samme navn, og det vil komme en web side med "opplev.fjell.no" som vil være hoved fornet for begge disse portalene. Det vi ønsker er å skape en portal for aktører og befolkning, informere om hva som er tilgjengelig og hva som skjer, være en den portalen hvor ulike aktører kan promotere for aktiviteter og opplevelser og med dette skape et redskap som dekker et viktig behov.

Vi ser et stort behov i Fjell for en slik portal, det er en mangel på informasjon og tilgjengelighet noe som er avgjørende for å ta del i den nye digitale verden og være på front med utbyggingen som skjer i kommunen.

Skapning av nye arbeidsplasser:

- Prosjektet #opplevfjell går aktivt inn for å bruke lokale aktører i alle aspekter av prosjektet.

Konkrete mål for prosjektet #opplevfjell:

- Utvikle og profilere det kulturelle tilbudet i Fjell.
- Utvide det kulturelle tilbudet.
- Inspirere ungdom til å ta del og være en del av egen kultur.
- Nå nye og unge på deres premisser med moderne medier
- Styrke nærmiljøet

Samspill skole / næringsliv:

- Vi har alt startet et flott samspill med ulike aktører som holder til i Fjell kommune. I forhold til bildene som er blitt tatt har vi vært i kontakt med Sotra tur og IL , Sotra vest skolekorps, Dansetreff og Barnas turnlag som alle stilte mer en villig opp for fotografering. Dette ser vi samtidig på som promotering for de ulike aktivitetene og ønsker med dette og de kommende bildene å promotere for ulike aktiviteter og opplevelser i Fjell.

- Reklamefilmen er avhengig av næringslivet og andre aktører i Fjell for å klare å gjennomføre prosjektet. Vi kommer til å bruke ulike aktører som turn, dans, korps, musikere, kjente ansikt far Fjell og diverse andre aktører.

- Det er også et ønske å få opp en frivillig ressursgruppe med ungdom, der de vil være med på å jobbe med prosjektet og være en inspirasjons og informasjons resurs får å nå den målgruppen vi ønsker.

Ekspor / internasjonalisering:

- Vi ønsker og drømmer om at reklamefilmen vi lager blir så spektakulær at den når utenfor Norges grenser. Med dette også nå turismen og interessen for å reise og oppsøke Fjell. Dette ser vi på som relevant om vi får med de profilerte personer vi ønsker i reklamefilmen, dette er personer med fans fra hele verden, og når vi ut på deres kanaler kan vi også nå deres fans

Profilering av regionen:  
- Dette er en unik mulighet får å profilere regionen. Dette vil nå befolkningen på en ny måte ved å bruke en tekniske plattform. Dette er det som kan sett Fjell kommunen på karte, opplyse og oppfordre turister og befolkningen til å utforsk kommunen og dens tilbud.

B.Økonomi:

Totalbudsjett kr 720 000. Inntekter er ikkje oppgitt. Søknadssum til HFK er uspesifisert.

C.Fylkesrådmannen si vurdering:

Dette kan vere eit spanande lokalt prosjekt, og er tydeleg knytt til ein kommune. Det har såleis ikkje tilstrekkeleg regional verdi til å verte prioritert. Den kommunale forankringa, ansvaret og kvalitetssikringa er heller ikkje tydeleg i søknaden. Det vert tilrådd avslag.

## 17.Kleppe Grendalag: Kulturtilskot til Hamnedagen 2015

Søknadssum 20 000 kroner

A. Utdrag frå søknad:

*Den 15. august ønskjer Kleppe Grendalag å stelle i stand ein aktiv dag ved Kleppesjøen der folk i alle aldra kan møtast og dela ei felles kulturoppleving. Dagen vil vera spekka av innslag og opplevingar. Dei unge vil få eit innblikk i den kystkulturen samfunnet dei leve i er tufta på. Dei litt eldre vil møtast og mimra om gamle dagar med jamaldra. Minner og kunnskap skal delast mellom generasjonar. (...)I indre hamn og området rundt Hengjo vil det stå ei rekkje marknadsbuer der det vert seld lokal mat og handverk og der lokale organisasjonar kan få marknadsført seg. Om det er nokon som vil prøve seg på lykkehjulet eller kaste hestesko så er det høve til det, men dei aller yngste har kanskje heller lyst på ein tur på hesten.*

*I Kulturnaustet vil du finne ei utstillinga av gamle bilete frå området. Kvar time vil vi ha framsyning av «Tramp og Trall» programmet som NRK laga ved Kleppesjøen i slutten av 70 talet. Her kan du ta ein kaffi med gode vener og mimra om gamle dagar.*

*Kleppe Grendalag har 220 medlemmar og er grendalaget for Kleppe og Kleppevik sør i Sund kommune. Kleppe og Kleppeik er ei bygder i vekst. Kleppevik er heimbygda til Johannes Kleppevik og vi har lenge meint at vi burde få til ein skikkelig kystkulturtdag her på Kleppe der hans musikk er med på å setja preg på dagen.*

B.Økonomi:

Det søkjast om 20 000 kroner.

*Hamnedagen er open for alle og einaste inntektene vi har er sal frå kiosk, påmelding til fiskekonkurransen og billettinntekter til konserten. Vi er derfor avhengig av sponsorar og stønader for at dette skal gå rundt utan å tape pengar.*

C.Fylkesrådmannen si vurdering:

*Dette er fine tiltak i lokalmiljø. Det har slik det vert framstilt ikkje tilstrekkeleg regional verdi til å kunne verte prioritert i fylkeskommunal samanheng. Om søkjar likevel skulle meine at arrangementet har sterkare verdi ut over det lokale/kommunale ville tilskotsordninga Ålmenne kulturføremål vere ei meir relevant ordning å søkje på. Tilråding avslag*

**18. Lysverket(restaurant) / Festspillene i Bergen: utdeling av tradisjonsmat under Festspillarrangement**

A.Utdrag frå søknad:

*På vegne av Festspillene i Bergen og Lysverket søker vi med dette støtte til utdeling av mat til de fremmøtte tilskuerne rundt Lille Lungegårdsvannet ved markering av Bergen Filharmoniske Orkestrets 250-årsjubileum - "Midnight Reflection" under årets Festspill.*

*(...)har Bergen Kommune søkt om status som Creative City of Gastronomy hos Unesco. I første omgang ble denne avslått - men med oppmuntrende råd om hvordan søknaden kan revideres til neste omgang. Et av rådene som ble gitt var å vise bedre hvordan man kan koble gastronomi med annen kultur i byen, og med det vise hvordan kreative bransjer drar synergier av hverandres arbeid.(...)På tross av denne medvinden og stoltheten vi har for maten vi produserer, tilbereder og spiser, finnes det så å si ingen offentlige arrangement der gastronomien står i høysetet. Vi har en flott matfestival, men den handler kanskje mer om produsentene enn det gastronomiske sisteledet. Søken etter kreative, offentlige tiltak står som vesentlig for revideringen av Unescosøknaden som skal leveres i løpet av våren. I mellomtiden er jeg, blant andre, kontaktet for å hjelpe med å konkretisere kreative måter Bergen kan vise verden hvilken fantastisk mat vi lager her i Bergen.*

*Uavhengig av dette, men i stor grad sammenfallende, har Lysverket og Festspillene i Bergen vært i dialog om et samarbeid. Den store krysskulturelle festivalen som Festspillene er mangler sålangt*

matkunsten i programmet sitt. Derfor har festspilldirektør Anders Beyer og vi på Lysverket diskutert muligheter for arrangementer vi kan jobbe sammen om. Lysverket er en naturlig partner i et slikt samarbeid siden vi allerede jobber med de fleste andre kulturarrangementer i Bergen såsom Borealis, Oktoberdans, BIFF, designuken Raff (v/ Designregion Bergen) med mer.

#### Arrangementet:

*Midnight Reflection* er et visuelt og akustisk lysshow rund Lille Lungegårdsvannet natt til 7.juni Det er forventet opp mot 5000 betalende gjester, som alle skal sitte eller stå med øretelefoner og høre på Grieg mens de ser et fantastisk lysshow rundt vannet. Forslaget fra Festspillene var at Lysverket skal servere de fremmøtte noe de kan varme seg på. (...) Suppen må såklart være Bergens Fiskesuppe - servert av en internasjonalt anerkjent Bergensk fiskerestaurant. Alle de fremmøtte får se et spektakulært lysshow i hjertet av Bergen, oppleve Edvard Grieg på en helt ny måte og spist Bergensk Fiskesuppe som en gratis overraskelse.

#### B. Økonomi:

##### Kostnadsanslag:

Ferdig suppe – 35,- per porsjon x 5000 gjester	175000,-
Beger - 5,- x 5000,-	25000,-

Servering, utdeling og opprydning bli utført av FiB sammen med Lysverket, så her kommer det inn en "egenfinansiering" som er vanskelig å sette en konkret verdi på. Suppen blir produsert nøyaktig likt Bergens Fiskesuppe slik vi serverer den på Lysverket, og koppen tilsvarer mengden vi selger på restauranten til 135kr. Lysverket bidrar derved (alt ettersom hvordan man regner på det) med egenfinansiering tilsvarende 500.000kr.

Det er ikkje lagt ved budsjett, og søknadssum til HFK er ikkje spesifisert. Det er sendt likelydande søknad til Fylkesmannen i Hordaland, Bergen kommune og Festspillene i Bergen.

#### C.Fylkesrådmannen si vurdering:

Matkultur er ikkje eit av satsingsområdene i kulturplanen, og fylkesrådmannen ser ikkje at ein skal prioritere dette tiltaket. Det er også tydeleg knytt til ein del av Festspillene sitt program, og Festspillene får driftstøtte over kulturbudsjettet. Tilråding avslag.

### **19. Museumssenteret i Hordaland, Lyngheisenteret: Prosjekt «Kystlynghei og langsiktige driftsopplegg med sviing. Informasjon, kunnskap og gjennomføring.»**

Søker 60 000 kr

#### A.Om prosjektet:

Kystlyngheiene i Hordaland blir i altfor liten grad svidd. Attgroing skyt fart og lyngheiene er i ferd med å forsvinne. Økosystemet på Hordalandskysten er i ferd med å kollapse. Naturtypen kystlynghei er sterkt trua. Kystlyngheiene er menneskeskapte og utgjør eit potensiale for produksjon av sauekjøt og honning av særmerkt kvalitet. I tråd med den europeiske landskapskonvensjonen er det eit mål å ta vare på kystlynghei i Hordaland. I regionalt bygdeutviklingsprogram for Hordaland er det strategiar om å sikre eit utval av verdfulle kulturlandskap, biotopar og kulturmarktypar, mellom anna kystlynghei.

Ein ønskjer mellom anna å stimulere til interesse for sviing i lynghei ved å auke kunnskapen om lyngheidrift og sviing i lokalt brannvesen, i bygder generelt, blant grunneigarar og hos folk som driv eller kan tenkje seg å drive. Prosjektet har fleire tilleggseffektar som mellom anna beredskapstest med omsyn til samarbeid mellom Fylkesmannen, brannvesen og private. Tiltakspakka kan fungere som eit pilotprosjekt for tilsvarande framgangsmåte andre stader.

Samarbeidspartnarar: kommunalt brannvesen, landbruksforvaltinga i kystkommunane, Norsk Landbruksrådgiving Hordaland, Mattilsynet, Fylkesrådmannen i Hordaland, landbruksavdelinga og miljøvernavdelinga, Villsaulaget Vest, Hordaland sau og geit.

B.Økonomi:

Budsjettet omfattar møte med lokale brannvesen og landbruksforvaltning, avklare i høve miljøvern, kulturminne og grunneigarar, informasjonsbrosjyre, etablere nettside/blogg, mal for leigeavtale, plan og gjennomføring av 3 konkrete prosjekt, prosjektleiing, fagdagar i kommunane Totalbudsjett 307 000 kr.

## INNTEKTER

Eige arbeid i Lyngheisenteret	30 000
Eige arbeid brannvesen	12 000
Eige arbeid i kommunane	15 000
Midlar til miljøinformasjonstiltak	120 000 ( løyvd i 2013 frå LMD)
BU-midlar Hordaland	70 000 (løyvd i 2014)
Hordaland fylkeskommune	60 000
Sum	307 000

C.Fylkesrådmannen si vurdering:

Prosjektet i regi av Lyngheisenteret har mange samarbeidspartnarar. Det femner breidt med omsyn til målgruppe og har også ein stor informasjonsverdi og formidlingsverdi som mellom anna kjem til uttrykk i publikasjon av informasjonsbrosjyre, fagdag, blogg og nettside. Temaet sviing er særleg viktig for Hordaland med dei kystlyngheiene som finns her. Prosjektet kan ha viktige tilleggsverdiar. Prosjektet har allereie finansiert med over 60 prosent. Kulturlandskap er ei satsing i *Premiss: Kultur regional plan for kultur 2015-2025*. Tilråding: 35 000 kroner

**20. Måltrastane v Anne-Lise Olsen: Kulturstøtte til samarbeidsprosjekt**A. Utdrag frå søknad / B. Økonomi:

«Me er eit kor på Frekhaug, Måltrastane, som vil arrangere konsert med tema om Strilekrigen i vår, dette i samband med 250-årsjubileum. Denne konserten er eit samarbeidsprosjekt ilag med koret Lyderhorn frå Bergen. Dette kjem til å koste litt for oss, og me er redd me kan kome til å gå i underskot med arrangementet. Utgiftene kjem mellom anna til å gå til seminar, leige av utstyr, og så har me bestilt eit spesialkomponert verk av Henning Sommero. Me tenkjer å ta kr. 200,- for billettane, men me vågar ikkje å gå høgare enn det.

Me trur at nedslagsfeltet for ein slik konsert kan verte ganske breidt, og at konserten kan vere aktuell for folk frå heile Nordhordland. Me søker difor med dette om kulturstøtte til prosjektet hos Dykk.

C.Fylkesrådmannen si vurdering:

Det har slik det vert framstilt ikkje tilstrekkeleg regional verdi til å kunne verte prioritert i fylkeskommunal samanheng. Om søker likevel skulle meine at arrangementet har sterkare verdi ut over det lokale/kommunale ville tilskotsordninga Ålmenne kulturføremål vere ei meir relevant ordning å søkje på. Tilråding avslag

**21. Norsk mediaservice: Søknad om støtte til historisk dokumentasjon «Bybrannen som raserte Bergen sentrum»**

Søker 40 000 kr

A.Om prosjektet:

Filmen skal formidle historia bak ei av dei mest dramatiske hendingane i Bergen by i nyare tid – bybrannen i januar 1916 – gjennom ein mest mogleg historisk korrekt dokumentar om katastrofebrannen. Målet er ein lærerik film som kan formidle kunnskap om ei viktig historie for unge og gamle.

380 bygningar gjekk tapt, og 2700 vart heimlause. Området mellom Muralmenningen og Torgalmenningen vart ramma. Alle hus i Bergen sentrum vart øydelagt, med unnatak av Rådstuplassen. Sluttfasen i prosjektet er desember 2015, slik at den er klår til januar 2016.

#### B.Økonomi:

Det vert søkt om midlar til filmdokumentaren. Totalbudsjett er 590 000 kr

#### INNTEKTER

Norsk Mediaservice – utvikling	30 000
Norsk Mediaservice – produksjon	30 000
Andre private samarbeidspartnarar	40 000
Vestnorsk filmsenter – utvikling	50 000
Vestnorsk Filmsenter-produksjon	300 000
Fond for Lyd og Bilde	100 000
Hordaland fylkeskommune	40 000

#### C.Fylkesrådmannen si vurdering:

15. januar 2016 er det hundre år sidan byen opplevde ein svær brann som la store delar av Bergen sentrum i ruinar. Etter brannen vart det bygd opp brakkebyar som husa bergensarar. Filmskapar Ole Geir Herland vil lage ein historisk dokumentar om brannen basert på ulike historiske kjelder. Han har lang erfaring frå slikt arbeid, og har mellom anna produsert dokumentar om «Kristina – Spanias norske prinsesse» og «Gerhard Armauer Hansen – bergenslegen som oppdaget leprabasillen». Ein slik dokumentar vil ha stor formidlingsverdi. Fylkesrådmannen vil her peike på at Bymuseet i Bergen kan vere ein arena for denne type dokumentar, gjerne i kombinasjon med annan formidling om byen si historie. Hordaland fylkeskommune si filmstøtte skal i hovudsak gå igjennom Vestnorsk filmsenter. Ein ønskjer å halde på dette prinsippet. Tilråding avslag

## 22. Opera Bergen

#### A.Utdrag frå søknad:

*Opera Bergens kunstneriske virksomhet er basert på mottoet "Regionalt forankret – internasjonalt orientert": stedegen produksjon, medvirkende av internasjonal kvalitet i hovedroller, og sangere i egen region i mindre og mellomstore roller. Inkludering av Bergen Operakor gir ytterligere regional forankring og eierskap til kunstarten. Samtidig gir en hver produksjon arbeidsmuligheter for andre profesjonelle utøvere innen de andre kunst- og praksisfeltene som operakunsten inkluderer; musikere, designere, teknikere, kunsthåndverkere m.fl.*

Det vert søkt om ein årleg basisfinansiering på 1.200.000 kroner for budsjettåret 2015, med innkomen søknad i november 2014. Det er søknadsfrist for driftstøttesøknader 1.april året før støtteår. Søkjar har imidlertid bedt om at «kulturavdelingen i Fylkeskommunen behandlar søknaden som samlet, eller som tre enkelprosjekt, i tråd med Fylkestingvedtaket 12.10.10, sak 50/10, pkt 3: "Andre einskildtiltak og einskildprosjekt på operafeltet kan søkja tilskot fra fylkeskommunale tilskotsmidlar på prosjektbasis".

I 2015 vert følgjande 3 prosjekt produsert og framført:

#### **1.Lloyd Webber: Requiem – Visualisert vokalsymfoni i Johanneskirken**

*I mars vil Opera Bergen produsere en visualisert og lyssatt fremføring av et av samtidens mest fremførte Requiem. (...) Opera Bergen har gjennom en rekke produksjoner bygget en kompetanse på visualisering av vokalsymfoniske verk, og vil i 2015 bruke denne erfaringen til å gi scenisk liv til dette dramatiske, musikalske samtidsverket, basert på den gamle Requiemteksten.*

#### **2. Sommeropera på Bergenhus festning i juli/august - Bizets opera Carmen**

*Årets sommeropera var den 17. i rekken av utendørs oppsetninger som*

*Opera Bergen initierte i 1995. Arrangementet er også et verdifullt tillegg i tilbudet av kunst- og kulturopplevelser i sommer og ferietid – og kan danne en av grunnpilarene i en kulturell / kunstnerisk festivaltenkning i byen. Sommeren 2015 planlegger Opera Bergen en ny utendørs produksjon. Hvilke opera som velges blant alternativene som foreligger, vil være knyttet til økonomisk forutsigbarhet.*

### **3. Fullscenisk høstopera**

*Produksjoner av operaer hjemmehørende i det som mange betegner som kjernerepertoaret er av stor betydning for operainteressen i en by av Bergens størrelse. Gjennom sine 111 produksjoner har Opera Bergen en rekke av disse på sin produksjons-cv, og publikumsinteressen har alltid vært stor for nettopp disse oppsetningene. (...) Opera Bergen vil på bakgrunn av den økonomiske forutsigbarheten som blir gitt, sette opp en av operalitteraturens sentrale verk, med muligheter for den nye generasjonen sangere fra egen by i små og mellomstore roller, sammen med internasjonale solister i hovedroller.*

#### **B. Økonomi:**

FINANSIERING basisfinansiering

UTGIFTER:

Husleie, kontor, verksteder, lager, øvingslokaler 600.000

Daglig leder, produksjonsleder, markedsfører, økonomiansvarlig 1.260.000

Prosjekt 1 900.000

Prosjekt 2 2.300.000

Prosjekt 3 2.100.000

SUM 7.160.000

#### **INTEKTER**

Bergen kommune 3.000.000

Hordaland fylke 1.200.000

Sponsorer 1.500.000

Billettinntekt/egeninntekt 1.460.000

SUM 7.160.000

Delt inn i 3 delprosjekt:

1. Lloyd Webbers Requiem: totalbudsjett kr 911 000, søker HFK kr 100 000.

2. Sommeropera på Bergenhust festning: totalbudsjett kr 2 306 000, søker HFK kr 300 000.

3. Fullscenisk høstopera, totalbudsjett kr 2 103 000, søker HFK kr 300 000.

#### **C. Fylkesrådmannen si vurdering:**

Det løyvast – i henhold til samfinansieringsavtale med stat og kommune - kun driftsmidler til eitt operaselskap i fylket, Bergen Nasjonale Opera. Opera Bergen har – utan fast driftsstøtte frå det offentlege – produsert opera også etter at dette vart vedteke / avtalt. Fylkeskommunen og kommunen har løvyd prosjektmidler til nokon av desse oppsettingane. Opera Bergen representerer eit sterkt, idealistisk produksjonsmiljø. Desse tre oppsettingane har vore vurdert av fylkesrådmannen som enkeltprosjekt, og det vert prioritert å gje støtte til Carmen som sommaropera på Bergenhust festning. Denne operaen gir formidlar opera til både fylket sine innbyggjarar og turistar i flotte omgjevnader og i ein periode på året der det er få kulturtilbod. Det er likevel ikkje høve til å tilrå omsøkt sum til dette tiltaket. Tilråding er 65 000 til oppsettinga av Carmen som sommaropera 2015.

### **23. Pådriverne AS: COASTMAN NORWAY**

*Uspesifisert søknadssum*

**A. Utdrag frå søknad:**

COASTMAN NORWAY er en fulldistanse triathlon (3800 m symjing / 180 km på sykkel / 42 km løping). Den vil være den einaste i sitt slag i Norge – om en ser vekk fra Norseman som eksponerer seg som en ekstrem triathlon. Vår triathlon går i flatt terreng i vakre omgivelser i Øygarden kommune.

Coastman Norway består også av:

Coastman Norway, fulldistanse triatlon ( 3800 meter symjing, 180 km sykling, 42 km løp)

Coastman Norway 70.3 triatlon ( 1900 meter symjing, 90 km sykkel, 21 km løp )

Coastman Relay, dvs stafetter bestående av 2 eller 3 manns lag på begge distanser

Coastman Kid, barnetriatlonfestival, med tilpassa triatlon eller duatlon konkurranse for dei mellom 6 – 16 år.

Prosjektet er nytt og er under utvikling av PÅDRIVERNE AS. Ågotnes Triathlonklubb vil stå som teknisk arrangør. Ågotnes Triathlonklubb er nettopp tatt opp som medlem i Norges Idrettsforbund. Vi har et helt klart mål om å etablere et arrangement som i løpet av få år skal kunne ta imot opp mot 1500 deltakere fra inn- og utland. Triathlon som konkurranse form er i vinden, og pr i dag er det mange steder 'kamp' om plassene. Prosjektet har som mål å setje region Vest på idrettskartet, ved å kjøre eit årlig arrangement som genererer aktivitet og energi til regionen både for privatpersoner og bedriftene. Vi har altså som mål å etablere et arrangement som i størrelse og omfang årlig vil være blant de største idrettsarrangement i vår region. Vi er i god dialog med Øygarden kommune i forhold til tilrettelegging. Prosjektet vårt har allerede fått noe media dekning, se f.eks.: <http://www.bt.no/sprek/Vil-lage-striefest-av-ekstrem-fysisk-test-3319305.html> . Vi har avtale med Vestnytt om sak over påske. Vi bruker aktivt sosiale media for promotering av arrangement. Vi har en web side som skal opp og gå fra fredag 20. mars. Denne vil være: [www.coastmannorway.com](http://www.coastmannorway.com)

På sikt mener vi at arrangementet vil stå på egne bein, men i en startfase der mange engangskostnader må tas hadde det vært flott med noe pengestøtte. Vi søker derfor Hordaland Fylkeskommune om en engangsstøtte til prosjektet.

#### B. Økonomi:

Finansieringsplan.

Dei 6 idetakerene har stifta Pådriverne As og gått inn med 60 000,- i aksjekapital

Prosjektet er tenkt finansiert gjennom deltakerkontigent og sponsor / samarbeidpartnere.

Til no har me følgjande samarbeidpartnere:

Øygarden kommune 75 000

Statoil 10 000

Panorama 2 500

Ågotnes Hotel 2 500

Estimert deltakarantal 100 stk x 1800 kr = 180000

Totalkostnad i 2015 er kr 360 000. Av dette er kr 250 000 eingangskostnader. Dette fordeler seg på:

Diverse riggutstyr 50 000

Design og webside 100 000

Investering fast utstyr 100 000

#### C. Fylkesrådmannen si vurdering:

Dette er eit stort arrangement med regional, nasjonal og mogleg internasjonal verdi.

Det tilrådest at det vert løyvd kr 45 000 til gjennomføring av arrangementet.

## **24. Skrivekunstakademiet: 30-ÅRS-JUBILEUM I 2015**

Søknadssum: 150 000,-

A. Utdrag frå søknad / B. Økonomi:

Skrivekunstakademiet i Hordaland kan i 2015 sjå attende på 30 år som ei av dei viktigaste skjønnlitterære skriveskulane i Noreg og Norden. Vi har i heile denne perioden vore ein særskild viktig bidragsytar til det litterære miljøet i Bergen, nasjonalt og i nordisk samanheng. Jubileet er eit framifrå høve til synleggjering av Skrivekunstakademiet og vere støttespelarar, med Hordaland Fylkeskommune som den aller viktigaste.

Vi vil markere jubileet med:

1) Utgjeving av ein jubileumsantologi med bidrag frå om lag 30 framstående norske forfattarar som anten sjølve har vore studentar hjå oss eller har medverka som lærarar/gjestelærarar. Boka vil innehalde ein essaybolk og ein rein skjønnlitterær bolc.

2) Eit jubileumsarrangement primo oktober med lansering av antologien, opplesingar og litterære panelsamtalar.

3) Festmiddag med inviterte gjestar.

Arbeidet med antologien er allereie godt i gang. Siste deadline er 15.mars, men vi har pr. 4.mars fått inn meir enn 20 tekstar og er godt i gang med det redaksjonelle arbeidet. Jubileumsboka skal gjevast ut i samarbeid med forlaget Vigmostad & Bjørke, med Marit Eikemo som redaktør. Lærarstaben ved Skrivekunstakademiet er redaksjonsråd.

Når det gjeld jubileumsarrangementet er vi i dialog med Norsk Forfattersentrum Vestlandet v/Olaug Nilssen om å leggje arrangementet under deira "paraply" i høve Forfattersleppet 2015. Det trur vi vil gje oss betre marknadsføring.

B. Økonomi:

Budsjett jubileumsbok:	355 000
Budsjett jubileumsarrangement:	35 800
Budsjett festmiddag	50 000
Total kostnad	440 800

Finansieringsplan:

Hordaland Fylkeskommune	150 000
Sparebanken Vest	50 000
Bergen kommune	75 000
Kulturrådet	100 000
Fritt ord	50 000
	(425 000)
Eigne middel	15 800
Totalt	440 800

C. Fylkesrådmannen si vurdering:

Skrivekunstakademiet vart etablert etter initiativ frå Hordaland fylkeskommune og fylkeskommunen er eigar av denne unike skriveskulen. Skulen har gjennom desse tredeve åra vore svært viktig for utviklinga av det litterære miljøet i fylket, og litteraturen i heile landet. Det har vore gitt eit mindre tilskot til deler av jubileet gjennom Ålmenne kulturføremål hausten 2014. Fylkeskommunen bør vere den som i størst grad bidrar til dette jubileet, og det vert difor tilrådd ein monaleg sum til jubileet samla på kr 85 000.

## 25. Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum m. fleire: 350-årsmarkering av slaget på Vågen i Bergen i 2015

Søker 100 000 kr

### A.Om prosjektet / utdrag frå søknad:

*I 2015 er det 350 år siden slaget mellom engelske og nederlandske flåtestyrker på Vågen i Bergen i 1665. Dette er eneste gang Bergen og Norge har vært sentrum for en verdenshistorisk begivenhet av et slikt omfang.(...)*

*Det finnes flere håndfaste bevis på denne dramatiske begivenheten. Kulen i tårnet på Bergen Domkirke ble skutt ut fra et av de engelske skipene under slaget. Det er også funnet kuler fra slaget flere andre steder i byen. I tillegg finnes en kanon og forsiringer fra britiske skip som deltok i slaget, ved Bergens Sjøfartsmuseum (...) Vi er en gruppe som ønsker å markere denne dramatiske hendelsen med markeringer forskjellige steder i Bergen i august 2015. I tillegg til å markere selve slaget ønsker vi å sette et større fokus på formidlingen om Bergens og Danmark-Norges historie på 1600- og 1700-tallet.*

Målet er å nå ut til et breitt publikum og til akademiske miljø gjennom foredrag, workshops og arrangement. Prioriterte målgrupper er: skuleungdom, generelt publikum, internasjonale turistar og studentar.

For dagane 31. juli til måndag 4. august er det etablert eit program der flåtebesøk frå Storbritannia, Nederland, Danmark og Norge danner ei naturleg ramme for arrangementet. Fredag 31. juli vert det opna utstillinger om slaget på Bymuseet og Bergens Sjøfartsmuseum. Prosjektgruppa består av Bymuseet i Bergen, Bergens Sjøfartsmuseum, Det Glade Bergen, Spesialsamlingen ved Universitetsbiblioteket, Kommandantskapet på Bergenhus, Domkirken og privatpersonar.

### B.Økonomi:

Det søkjast om 100 000 kr. Totalbudsjett 900 000 kr som omfattar utstillingar, formidling, konferanse, workshop, plaketter, mottaking, trykksak, nettstad, inviterte gjestar (reise/opphald)

#### INNTEKT

Bergen kommune	200 000
Hordaland fylkeskommune	100 000
Bergens Sjøfartsmuseum	100 000
Bymuseet i Bergen	100 000
Bergenhus kommandantskap	40 000
Bjørneseths fond	45 000
DNV Bank	15 000
H. Westfal-Larsen og hustru Anna Westfal-Larsens Almennyttige Fond	100 000
Det Glade Bergen m.fl.	40 000
Øvrige private sponsorer til utstillingar/workshop	160 000
Samla sum	900 000

### C.Fylkesrådmannen si vurdering:

Fylkesrådmannen ser at ulike arrangement i byen i juli/august knytt til historisk markering av 350 år for slaget på Vågen, har appell til mange. Fleire partar samarbeider om arrangementet, og dette bidrar også til styrkje i planlegginga og gjennomføring av fleire tiltak. 1665 er eit merkeår for byen, og det er naturleg at dette vert markert. «Musea i samfunnet» er viktig for Hordaland fylkeskommune. Musea skal vere der folk er – mellom anna i bybildet. Med dette arrangementet vil Bymuseet i Bergen og Bergens Sjøfartsmuseum ta ei slik rolle særleg med fokus på generelt publikum gjennom foredrag og kåseri.

Tilråding: 60 000 kroner

## 26. Stiftelsen Egil Raftos Hus: Folkekunstsamling med regional interesse

Søker kr 100 000

### A.Utdrag frå søknad:

*En unik museal samling folkekunst er nylig donert til stiftelsen av sosialantropolog Mette Jørstad. Samlingen inneholder gjenstander fra land i Sørøst-Asia, hovedsaklig Vietnam, Laos og Kambodsja, land som Raftoprisen har satt søkelyset på. Samlingen omfatter bronser, tekstiler, keramiske arbeider, tepper, sølvsmykker, kurver og diverse litteratur som ble samlet av Jørstad i løpet av årene hun arbeidet som bistandsansvarlig ambassaderåd i Hanoi. Flere av gjenstandene er over tusen år gamle, noen opptil 3000 år gamle. Den vietnamesiske ambassaden i Oslo har vist interesse for samlingen og kunne være interessert i et samarbeid. Samlingen har tidligere vært vist fram med suksess på Stiftelsen 3,14, Hardanger folkemuseum og på Nordkalotten i regi av De samiske samlinger i Karasjok. Samlingen vil bli utstilt i 1. etg. i Olaf Ryes vei 21 (vegg i vegg med Raftohuset). Dette vil være et fint supplement til Kinasamlingen i Bergen.(...)samlingen vil ha stor verdi for formidlings- og undervisningstilbudet til Raftostiftelsen.*

*Vi ønsker også å bruke samlingen i Olaf Ryes vei som en arena for økt kulturforståelse omkring «Asian values»(...)Tankene om dette er foreløpig på idestadiet, men vi ønsker å trekke på ressursmiljøer både fra UiB, CMI og fra næringslivet for å utvikle et konsept rundt dette.(...)Stiftelsen ønsker også at utstillingslokalet også skal være et samlingspunkt for mennesker i Bergen fra Sørøst-Asia, for eksempel ved høytider og seremonielle anledninger.(...)*

Stiftelsen vil engasjere flere ulike fagfolk som kuratorar, for å registrere, dokumentere, lage pedagogisk tilrettelegging og formidlingsopplegg. Dei ønskjer også å lage ei digital plattform

### B.Økonomi:

Innvesteringsbudsjettet er på 370 000 kroner. Driftsbudsjettet er på 342 000 i året. Det søkjast Hordaland fylkeskommune om eit eingangstilskot på 100 000 kroner.

### C.Fylkesrådmannen si vurdering:

Dette kan bli ei fin utstilling og eit fint tillegg til verksemda til Raftostiftelsen. Fylkesrådmannen ser likevel ikkje at fylkeskommunen skal gå inn med tilskot til denne utstillinga. Fylkeskommunen har eit stort ansvar for dei konsoliderte musea og deira utstillingar i første rekke. Tilråding avslag.

## 27. Torbjørn Ødegaard: Søknad om profileringstilskudd for historisk arbeid som kommer Hordaland fylkeskommune til gode

Søker 20 000 kroner

### A.Om prosjektet:

I mai reiser Ødegaard som prosjektkoordinator til Amsterdam med delegater frå fleire institusjonar i Hordaland ( Museum Vest, Byarkivet i Bergen og Statsarkivet) for å registrere og gi ut kjelder til Hordaland si historie som fins i arkiv i Nederland. Ødegaard har forska på og formidla kunnskap om Bergen sin historie i over 20 år basert på kjeldemateriale i utenlandske arkiv. Ødegaard har publisert mykje: « Jeg har i over 20 år forsket på og formidlet kunnskap om Bergens historie basert på kildemateriale i utenlandske arkiver. Det meste har vært egenregisserte prosjekter, som for eksempel den nå – takket være meg – verifiserbare historien om skipsforlis fra Den spanske armada i Hordaland (1588). Blant annet i Bømlo kommune, hvor et av disse skipene forliste, har mine publikasjoner ført til økt kulturaktivitet. Blant annet skal det i Bømlo den 20. juni settes opp et teaterstykke om de forliste spanske sjøfolkene som alle overlevde og reiste tilbake til Spania. Historien om Hans Jochum Schram fra Bergen, som var slave i Tunis på midten av 1700-tallet, har blitt så populær at boken skal ut på arabisk i løpet av et par års tid. Jeg gjenutga for et par år

siden Schrams bok (utgitt i Bergen i 1791) om livet som slave Tunis, med en fyldig innledning, basert på kilder i danske arkiv, skrevet av undertegnede.»

#### B.Økonomi:

Stipendprosjektet er finansiert av Hordaland fylkeskommune, men kun til utgiftsdekning. De øvrige i gruppen er fast ansatte, hhv. i Bergen Byarkiv, Statsarkivet i Hordaland og i Museum Vest og har sine lønninger derfra. Derimot har initiativtager, undertegnede Torbjørn Ødegaard fra Fredrikstad, ingen lønnsdekning til dette prosjektet og søker derfor om tilskudd fra "åpne midler".

#### C.Fylkesrådmannen si vurdering:

Ødegaard viser stor interesse for Bergen og Hordaland sin historie og har gjennom kjeldesøk og publikasjoner etablert ny og innsikt og forståing innan fleire tema. Fylkesrådmannen ser likevel ikkje at ein skal prioritere å gje støtte til enkeltpersonar si forskning og arbeid knytt til denne. Prosjektet ligg heller ikkje innafør satsingsområda i Regional plan for kultur 2015-2025. Det vert difor tilrådd avslag.

### **28. Voksne for Barn: Tilskudd til voksne for barns arbeid i 2015**

*Søker kr 50 000*

#### A.Utdrag frå søknad:

*Voksne for Barn er en ideell medlemsorganisasjon som arbeider for god psykisk helse og trygge oppvekstvilkår for alle barn. (...)Denne jobben har vi gjort i over 50 år, og vi har med oss ca 250 frivillige til å hjelpe oss med dette på lokalt og regionalt plan. De frivillige er blant annet representert i brukerråd og utvalg, driver lokal aktivitet gjennom lokallag, driver lokale tilbud for ungdom og foreldre og taler barn og unges sak i ulike sammenhenger. I tillegg arrangerer de lokale seminarer i samarbeid med Voksne for Barn sentralt.*

*Voksne for Barn treffer mange barn, unge, foresatte og fagfolk ute i kommuner og fylker gjennom kurs, programmer og tilbud. I fagmiljøene er vi ansett som en solid og viktig formidler av kunnskap og kompetanse. Vi har et omfattende utvalg av materiell som blir benyttet i utstrakt grad av både foreldre og de som møter barn og unge i sitt arbeid.*

- Når barn er pårørende*
- Barn som opplever skilsmisse/samlivsbrudd i familien*
- Psykososiale forhold i skole og barnehage*
- Psykologisk førstehjelp for barn og ungdom*

*Våre skoleprogrammer Zippys venner og Drømmeskolen som er rettet mot barneungdoms og videregående skole, brukes nå av over 600 skoler. Programmene har som mål å fremme barn og unges psykiske helse og skape et godt psykososialt læringsmiljø. Flere skoler og klasser står for tur i 2014.*

*(...)Ellers vil vi som alltid ha fokus på barns rett til medvirkning og beskyttelse, barn som lever i familier med psykisk sykdom eller rus, barnevern osv. (...)På nasjonalt plan er Voksne for Barns bekymringstjeneste et tilbud for voksne som trenger gode råd eller noen å snakke med hvis de er bekymret for et barn eller en ungdom. Tjenesten betjenes av frivillige rådgivere, som alle er kvalifiserte fagpersoner med erfaring fra arbeid med barn, unge og familier.*

#### B. Økonomi:

*For å kunne fortsette vårt helsefremmende, forebyggende og sosialpolitiske arbeid for barn i Norge, er vi avhengig av støtte. Både privatpersoner og bedrifter bidrar allerede, men vi trenger flere engasjerte med oss! Vi håper at Hordaland fylkeskommune vil støtte oss i vårt arbeid med et driftstilskudd på kr 50 000. Da kan vi nå ut til flere barn, unge, foresatte og fagfolk med våre tilbud.*

C.Fylkesrådmannen si vurdering:

Denne søknaden er sendt til Hordaland fylkeskommune generelt, og fylkesrådmannen ser ikkje at den har kulturfagleg innhald, og fell såleis utanfor å skulle få støtte over kultur. Det er i tillegg ein støtte om organisasjonsdrift. Tilråding avslag

**29. Voss Freestyleklubb – støtte til arrangementsutvikling**

Søker kr. 100 000

A. Utdrag frå søknad:

*Open Klasse er eit ski- og snøbrettarrangement, der utøvarane på alle nivå avsluttar vintersesongen side om side med nokre av idretten side største profilar. I tillegg til tradisjonell terrengpark, blir det bygd opp ei rekke hopp i naturleg terreng. Ved å inkludere element i naturleg terreng viser ein godt fram kva det kuperte vestlandsterrenget har å by på. Med denne breidda legg ein til rette for at flest mogleg får ei god oppleving av idretten, uavhengig av alder og ferdighetsnivå.*

*Fristil- og snøbrettmiljøet i Hordaland har på sumarstid ein stor ressurs i det som no heiter Fonna Glacier Ski Resort. Derimot har ingen av vinteranlegga på vestlandet til no satsa på tilrettelegging av terrengparkar for snøbrett og fristil. Håpet er at Open Klasse vil gjere skianlegg i Hordaland merksame på marknadspotensiale i dette miljøet. Det er også eit ønske om at arrangementet vil føre til auka rekruttering.*

*Arrangørane er godt lokalt forankra, og har brei internasjonal erfaring som har stor overføringsverdi til gjennomføring av eit slikt arrangement. Alle har i tillegg vore involvert i planlegging og gjennomføring av FIS Freestyle Ski World Cup og FIS Freestyle World Ski Championship 2013.*

B. Økonomi:

Befaring parkbyggjar	13500
Løn parkbyggjar	40000
Maskintid	100000
Finjustering av park	35000
Redigeringskurs	12000
Premie filmkonkurranse	10000
Produksjon av materiell	60000
Marknadsføring	40000
Leige av samband	5000
Sikring/tryggleik	16000
Leige av lokaler	5000
Overnatting	8500
Beverting	5000
Leige av utstyr	10000
Transport	5000
Diverse	10000
<b>Sum</b>	<b>375000</b>

Det er søkt stønad frå Voss Kommune, men ikkje motteke endeleg svar. Dei som har løyvd midlar til no er: Norges Skiforbund - kr 20 000, Hordaland Skikrets - kr 10 000. Den einaste inntekta arrangementet har, er parkpass-avgifta på kr 600 pr deltakar. Dette går til vidare drift av arrangementet, då Open Klasse er planlagt å vere eit årleg arrangement.

Myrkdalen har vore samarbeidspartnar på gjennomføringa av arrangementet, dvs at dei har forskuttert for ein stor del av kostnadane som har vore budsjettert (ref. søknad) herunder maskintid, maskinførar, heisdrift, overnatting, marknadsføring, annonser, kostnadar til div materiell m.m. Myrkdalen har med andre ord bidrege til å få arrangementet på beina, og forskuttert for ein del kostnadar som arrangementet må rekne med å kunne finansiere sjølv på sikt.

C. Fylkesrådmannen si vurdering:

Open Klasse er eit stort arrangement der ein ønskjer å implementere ulike greiner og ulike nivå. Freestyle er ein idrett i vekst med regional verdi. Utvida bruk av anlegg både til denne type arrangement, og også ved samarbeid med sommarskisenter vil kunne auke rekruttering for heile regionen. Fylkesrådmannen tilrår at det vert løyvd kr. 45 000 til gjennomføring av arrangementet.